

Referat frå styremøte i Vats Grendautval Torsdag 20. sept. kl. 19.00 i Vindafjordhallen

Desse møtte: Severin Fatland, Anne Nesheim Myhre, Kristin Ove Skare,
Jon Olav Velde, Alf Egil Vaula og Magne Skrunes
Berit Hetland møtte under sak 1.
(Hilde Fadnes Hølland og 1. v.m. Per Fatland kunne ikkje møta.)

1. Veg og gatenamn i Vats.

Prosjektleiar Berit Hetland var med og orienterte om føringar for dette arbeidet. Ho synte kart med forslag til namn på dei ulike vegane i Vats. Ho fekk ein heil del tilbakemeldingar frå styret som ho lytta til og noterte seg. Det vart ein god og konstruktiv dialog.

Styret vil invitera ho til eit folkemøte i november der ho kan informera bygdefolket om namneprosjektet og få ein del innspill.

2. Trafikksikringsplan i Vindafjord.

Grendautvalet såg gjennom planen og noterte seg nokre vegar som ein ynskte å få høg prioritet på:

- a. Få til reguleringsplan på sykkel- og gangsti frå Knaphus til Kårhus.
- b. Få orden på vegkrysset frå Knaphusfeltet ned på Fv. 46.
- c. Få opp veglys på E 134 langs sykkel- og gangsti frå Øvre Vats bedehus til Aurdal
- d. Ventefil/rundkjøring i krysset på Knaphus - E 134/Fv 46

Elles vil me at dei ståande prioriteringane i planen for Vats må bli realiserte så snart det let seg gjera av omsyn til tryggleiken for dei som ferdast langs vegane.

Det blir laga særutskrift til Vindafjord kommune v/kommunaltekniske tenester.

3. Dugnadsarbeid i Vindafjordhallen.

a. Dugnad ved søndagsmiddag.

Grendautvalet blei beden om å finna 3 personar til søndagsmiddagen 30. sept. Jon Olav har funne 4 stk. som han gir namna på til Unni Olsen, ansvarleg på kjøkkenet i Vindafjordhallen.

b. Dugnadsarbeid generelt.

Vindafjordhallen treng dugnadsfolk til ulike oppgaver. Grendautvalet vil hjelpe til med å finna folk til å stilla opp.

4. Møte i representantskapsmøte i Vindafjordhallen P/L – halvårsmøte onsdag 24.sept.

Grendautvalet må stilla med ein representant. Leiaren Jon Olav Velde kan ikkje møta. I staden for han møter Anne Nesheim Myhre.

5. Vedtekter for Vats Grendautval

Alle grenaudvala er bedne om å laga sine eigne vedtekter dersom dei skal få økonomisk støtte av kommunen.

Styret har laga vedtekter for Vats Grendautval. Vedtekten blir lagt fram på årsmøtet som skal godkjenna desse.

6. Kommuneplanen 2014 – 2024. Høyringsframlegg

Denne er å finna på www.vindafjord.kommune.no under fana Aktuelt.

Denne saka gjekk ut, fordi kommunen har kalla alle grenadautvala inn til eige møte den 27. sept. på Rådhuset i Ølen der det blir orientert om planstrategien.

7. Kårhus/Eide bustadområde – offentleg ettersyn.

Grendautvalet synes det er flott at det blir teke initiativ til nye byggefelt i Vats. Sidan planlegginga av Skjervheimsfeltet ikkje er kome så langt, er grenadautvalet glad for dette tiltaket. Det gjeld om å få byggeklare tomter til dei som vil busetja seg i bygda. Dette skaper ei levande bygd.

Grendautvalet såg gjennom planen. Me vil peika på at det er viktig at infrastrukturen i feltet med gode framkommelege vegar med gode veglys, friområde og leikeplass blir godt regulert og må vera i tråd med gjeldande krav til veg og avkjørsler.

Det blir laga **særutskrift til Vindafjord kommune v/areal og forvaltning.**

8. Søknad om investeringsmidlar til universell tilrettelegging.

Styret drøfta dette, men kom fram til at dette fekk utstå til eit seinare høve.

9. Møte på Rådhuset i Ølen 27. sept..

Alle grenadautvala i Vindafjord er innkalla til møte med ordførar, rådmann og kommunalsjefar **27. sept. 2012**

- Sakliste:**
1. Retningsliner for grenadautvala for å få støtte.
 2. Kommunal planstrategi
 3. Integrering av nye innbyggerar i kommunen.

Frå Vats Grendautval møter 4 stk.

Jon Olav gir beskjed til kommunen om kor mange som kjem.

10. Folkemøte / årsmøte i november.

Styret vil arrangera eit folkemøte/årsmøte onsdag 21. november 2012 i Vindafjordhallen.

Forslag til orienteringssaker/tema på folkemøtet før årsmøtet:

- a. Regulegingsplan for sykkel- og gangsti Knapphus – Kårhus.
Jon Olav tek kontakt med folk frå Statens vegvesen som kan orientera.
- b. Veg- og gatenamn i Vats. Berit Hetland blir med og orienterer.
- c. Vatsvassdraget. Status v/prosjektleiar Harald Velde
- d. Altibox – Haugaland Kraft kan orientera.
Jon Olav tek kontakt med person i Haugaland Kraft som kan orientera.
- e. Jon Olav har kort orientering nokre saker som er blitt etterspurt:
 - a. Veglys langs E 134 Øvre Vats bedehus – Aurdal. Status.
 - b. vindkraftverket på Døldarheia. Status.
 - c. Turstiprosjektet i Vindafjord – Status i Vats

Årsmøte – desse sakene må takast opp:

1. Årsmelding
2. Rekneskap
3. Vedtekter for Vats grenadautval.
4. Val. (Jon Olav tek kontakt med valnemnda som lagar innstilling til styre)

11. Neste styremøte:

Etter oppsett møteplan blir det styremøte
torsdag 8. november 2012 i Vindafjordhallen kl. 19.00.